



NJFF SOGN OG FJORDANE

Årsmelding 2009

*Årsmøte på Quality Sogndal Hotel
20.-21. mars 2010*



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

ÅRSMØTE QUALITY SOGNDAL HOTEL 20.-21. MARS 2010

INNHALDSLISTE

| | |
|--------------------------------------|---------|
| Program og sakliste årsmøte | side 2 |
| Styret sine framlegg til vedtak | side 3 |
| Nokre ord frå leiaren | side 6 |
| Årsmelding 2009 frå fylkeslaget | side 7 |
| Rekneskap 2009 | side 25 |
| Medlemsutvikling | side 27 |
| Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget | side 33 |
| Årsplan for 2010 | side 34 |
| Budsjett 2010 | side 40 |
| Vedtakter | side 41 |



PROGRAM ÅRSMØTE

| | | |
|-------------------------|-----------|--|
| Laurdag 20. mars | Kl 14 .00 | Velkomen Nytt frå NJFF v/ Steinar Paulsen Fagdøl Heiderspris og barne- og ungdomspris |
| | Kl 17.00 | Årsmøtesaker |
| | Kl 20.00 | Middag |
| | | Dans |
| Søndag 21. mars | Kl. 09.00 | Årsmøtesaker |
| | Kl. 10.30 | Kaffepause med varm eplekake m/krem |
| | Kl. 10.45 | Årsmøtesaker |
| | Kl. 13.00 | Open time |
| | Kl. 14.00 | Lunsj, avreise |

Pausar etter behov.
Programmet kan bli endra.

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
 - Namneoppøp
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2009
3. Revidert rekneskap for 2009
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Styret sitt framlegg til årsplan 2010
6. Fylkeslaget sin kontingentdel 2011, med styret sitt framlegg til vedtak.
7. Styret sitt framlegg til budsjett 2010
8. Val av styre i medhald av § 7.
9. Val av valnemnd
10. Val av 2 revisorar og ein varamedlem

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til eventuelle innkomne fullmakter

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 05.02.2010. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendingar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, Årsmeldingar 2009

Årsmelding for 2009: s. 7-

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2009

Rekneskap 2009 s. 25.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 5, Årsplan 2010

Styret sitt forslag til årsplan: s. 34

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til årsplan for 2010 vert godkjend.

Sak 6, medlemskontingent 2011

Fylkeslagskontingenten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingenten.

Sak 7, budsjett 2010

Budsjett 2010 s. 40

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett for 2010 vert godkjend.

Sak 8, Val 2010**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

| Verv | Val | Valnemnda sitt framlegg: |
|---------------------------|--|---------------------------------|
| • Leiar | Veljast for 2 år | Øyvind Hopland (attval) |
| • Nestleiar sekretær | Per Norstein (ikkje på val) | |
| • Kasserar | Veljast for 1 år | Elin Blomset, Aurland (ny) |
| • Ungdomsansvarleg | Jan Thore Fedje (ikkje på val) | |
| • Kvinnekontakt | Veljast for 2 år | Bente Skrede (attval) |
| • Fagleiar fisk | Svein Arne Forfod (ikkje på val) | |
| • Fagleiar vilt | Veljast for 2 år | Geir Haukaas (attval) |
| • 1. vara / Fagleiar hund | Veljast for 1 år | Henning Fureli (attval) |
| • 2. vara | Veljast for 1 år | Terje Hove Thorsnes (attval) |
| • Revisor nr. 1 | Terje Espe (Ikkje på val, 1 år att) | |
| • Revisor nr. 2 | Jan Kai Torvanger (Ikkje på val, 2 år att) | |
| • Revisor vara | Veljast for 3 år | Stein Inge Refvik (attval) |
| • Valnemnd, leiar | Torger Eimhjellen | Per Gunnestad |
| • Valnemnd, medlem | Per Gunnestad | Oli Marny Årdal |
| • Valnemnd, medlem | Oli Marny Årdal | Ny veljast for 3 år |

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Eit nytt år har gått, og det er igjen tid for årsmøte og nokre betraktningar frå året som gjekk, samt tenke over kva framtida vil bringe.

Under årets landsmøte i Bodø, stilte Sogn og Fjordane med ein rekordstor delegasjon, og spesielt gledeleg var det at vi hadde ein heidersgjest blant oss, Svein Inge Lundheim, som var invitert for å mota ungdomsleiarprisen, for jobben han har gjort i Leikanger Jakt og fiskelag. Arbeidet han har lagt ned i laget gjennom mange år, er berre å ta av seg hatten for, og er eit godt døme på korleis godt lagsarbeid kan utførast.

Sogn og Fjordane fremja også ei sak til landsmøtet, ang. føring av hjort, som vart nedstemt av landsmøtet, men vi fekk likevel baka inn vårt syn i handlingsprogrammet.

Den nye natur og mangfaldslova vart og godt presentert under landsmøtet av ein engasjert statsråd, Heidi Sørensen. Den nye lova vil nok vere med på å forandre kvardagen til mange av oss som er engasjerte i jakt og fiske framover, og vil vere eit nytt og godt verktøy for oss til å ta vare på naturressursane våre for framtida. Det som manglar i den nye lova, sett med våre interesser sine auge, er ein naudvergeparagraf for våre jakthundar.

Villaks og lakselusproblematikken har vore eit heitt tema denne hausten, og oppdrettsnæringa er blitt sett under eit massivt press. Om dette får næringa til å endre praksis får no tida vise, men skal vi behalde villaksen, må denne næringa endre dagens praksis. Fylkeslaget kjem til å følgje med, og arbeide med å få gjeninnført tidligare praksis med kultivering og utsetting av smolt i lakseelvane våre, som fungerte så godt tidligare då laksestamma var store. Dette gav mykje laks tilbake i elvane på 80 og 90 talet, og etter at ordninga vart avvika, har laksestamma gått nedover. Får vi dette til, i lag med tiltak i oppdrettsnæring, har ein kanskje sett botnen på krisa for villaksen.

Forbundet sentralt har i løpet av siste år lagt om opplæringsverksemda. Jakt- og fiskeakademiet som det blir kalla, skal på sikt gje betre og meir utnytta regionale fylkesinstruktørar, og forhåpentlegvis betre lokale instruktørar. Denne ordninga har nok møtt litt motstand, ikkje berre i vår region, men over heile landet, men det er vel som med alt nytt, der er det alltid litt skepsis. Eg har stor tru på jakt og fiskeakademiet kan bli bra, men ein vil nok trenge ein innkøyringsperiode før ein får på plass "rett person på rett plass", då denne nye ordninga vil krevje meir av dei regionale instruktørane. Mange av dagens instruktørar er ikkje innstilt på dette, og har takka nei til å forsette.

Fylkeslaget har valt å ta ei anna vinkling på fylkesinstruktør for ettersøkshund, enn det som ein legg opp til i jakt og fiskeakademiet, og danna i haust eit ettersøksutval, for å satse på ettersøkshund og utdanning i forbindelse med ettersøkshund. Leiar i utvalet står som fylkesinstruktør. Målsetning på sikt er å få tilpassa kurs og aktivitetar til forholda vi har på vestlandet, innfor hjort, og målet er heilt klart, Sogn og Fjordane skal bli eit føregangsfylke for ettersøk på skadd hjortevilt.

Avslutningsvis vil eg og minne om NM i jaktfelt på Eid i 2011, så leit fram riflene og prøv denne fine jakttreninga, det er i år rekordmange jaktfeltstemner i fylket, og meld dykk på til NM-fest på Eid om eit år.

Eg vil til slutt takke for samarbeidet med alle dei tillitsvalde i året som har gått, og ein spesiell takk til fylkessekretæren for godt utført arbeid, og hennar fleksibel og positive haldning.

Øyvind Hopland
- fylkesleiar -

ÅRSMELDING FOR 2009 FRÅ FYLKESLAGET

Fylkeslaget har i 2009 vore samansett slik:

| | | |
|-----------------------|-----------------------|--------------------------|
| Leiar | Øyvind Hopland | Stryn og Hornindal jspfl |
| Nestleiar / sekretær | Per Norstein | Leikanger jfl |
| Kasserar | Atle Ødegård | Eid jfl |
| Ungdomsansvarleg | Jan Thore Fedje | Leikanger jfl |
| Kvinnekontakt | Bente Skrede | Stryn og Hornindal jsfl |
| Fagleiar Fisk | Svein Arne Forfod | Høyanger jfl |
| Fagleiar Vilt | Geir Haukaas | Førde jfl |
| 1. vara Fagleiar Hund | Henning Skjalg Fureli | Hyllestad jfl |
| 2. vara | Terje Hove Thorsnes | Leikanger jfl |
| Revisor 1 | Terje Espe | Eid jfl |
| Revisor 2 | Jan Kai Torvanger | Førde jfl |
| Revisor, vara | Stein Inge Refvik | Selje jfl |
| Valnemnd leiar | Torger Eimhjellen | Hyen jfl |
| Valnemnd medlem | Per Gunnestad | Luster jfl |
| Valnemnd medlem | Oli Marny Årdal | Naustdal jfl |

Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

| | | |
|----------------------------|-----------------------------|--------------------------------------|
| Fylkesinstr. Aversjon | Arvid Holme | Flora jfl |
| Fylkesinstr. Eftersøkshund | Lidvin Hage /Rudi Sønnervik | Stryn og Hornindal jspfl / Førde jfl |
| Fylkesinstruktør Hagle | Olav Årskaug | Førde jfl |
| Fylkesinstr. Jegerprøve | Bjarne Huseklepp | Hyllestad jfl |
| Organisasjonskontakt | Kristin Halvorsen/Bjarne H. | Flora jfl / Hyllestad jfl |

Hundeutval:

| | | |
|--------|-----------------|--------------------------|
| Leiar | Henning Fureli | Hyllestad jfl |
| Medlem | Eirik Fortun, | Sogndal jspfl |
| Medlem | Einar Heggstad, | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Tore Bjørndal | Askvoll og Holmedal jfl |

Jaktskyttarutval:

| | | |
|--------|---------------------|--------------------------|
| Leiar | Bjarne Skrede | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Jan Inge Kleppe | Eid jfl |
| Medlem | Svein Inge Lundheim | Leikanger jfl |

Eftersøksutval:

| | | |
|--------|-------------------|--------------------------|
| Leiar | Rudi Sønnervik | Førde jfl |
| Medlem | Sjur Dale | Sogndal jspfl |
| Medlem | Lidvin Hage | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Birger Hogrenning | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Bente Skrede | Flora jfl |

Gevirdommarar:

| | | |
|-----------------------|---------------------|------------|
| Hjort | Ove Hagerup Larsen | Førde jfl |
| Alle norske hjortedyr | Arne Aarbergsbotten | Gaular jfl |

Tilsette:

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Fylkessekretær 100 % stilling | Reidun Solberg Seim, Sandane |
| FNF kontakt 50 % stilling | Einar Skram Husabø, Leikanger |

Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval i 2009

| | |
|---|--------------------------------------|
| Kristin Halvorsen, Organisasjonskontakt | Medlem i Forbundsstyret |
| Kristin Halvorsen, Organisasjonskontakt | Leiar Barne- og ungdomsutvalget |
| Bjarne Huseklepp, Jegerpr. Instr. | Varamedlem / medlem i Forbundsstyret |

Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:

- Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Leiar. Fagleiar Vilt er vara.
- Referansegruppe for prosjektet "Utmarksbasert reiseliv": Fylkessekretær møter. Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk er kontaktpersonar.
- Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Nestleiar / sekretær, leiar vara.
- Merkeprosjekt hjort, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Reidun Solberg Seim / Geir Haukaas
- Styringsgruppa for regionalt fellingslag: Reidun Solberg Seim / Geir Haukaas
- Studieforbundet natur og miljø: Geir Haukaas.

Styremøte:

Det er halde 6 styremøte og handsama 73 saker. 1 arbeidsmøte for styret og instruktørar.

Informasjon frå styret:

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen "Jeger & Fisker" er sendt ut 7 gongar, det meste av informasjonen har gått på e-post. Nettsida til fylkeslaget blir brukt til å legge ut informasjon på også.

Pressemeldingar og reportasjar sendt ut frå fylkeslaget :

| | |
|----------|---|
| Januar | Draumevekst i Sogn og Fjordane |
| Mars | Fornya tillit, heiderspris – årsmøte i fylkeslaget |
| April | Sjøaurekonk. og sårbar sjøaurebestandar i Sogn og Fjordane |
| Mai | Årets høgdepunkt for friluftinteressert ungdom – friluftsløir |
| Juni | Opptur og fiskesommer |
| | Fiskelykke og glade ungdomar |
| November | Landsmøte |

Medieaktivitet:

| | |
|--------------|---|
| 20/1 | NRK SF Dommen i Balestrand-saka. ØH |
| Januar | NRK SF Skotpremie. GH |
| April | Firda Taksering rype. HF |
| April | NRK SF Seljakt og oter folkehøgskulen. ØH |
| 24. april | NRK SF Siloslepp. SAF |
| Juni | NRK SF Minstemål fisk. SAF |
| 13. juli | NRK SF kommunane bet. jaktoppsyn. ØH |
| September | Lustraradio Jostedalen ad. Vestsidoutbygging. SAF |
| | NRK SF Laksesesongen. SAF |
| 4. september | Fjordingen Hjortejakt, ny våpenlov. ØH |

Representasjoner, profilering, møter og arrangement**JANUAR**

| | | | |
|---------|--------|---|--------------------------|
| 3. | Førde | Intervjurunde FNF-vikariat | ØH |
| 4. | Skei | Intervjurunde FNF-vikariat | ØH |
| 9. | Skei | FNF møte | ØH, RSS |
| 23.-24. | Skei | Arbeidsmøte | PN, GH, BS, JTF, ØH, RSS |
| 28. | Skei | Planleggingsmøte ettersøkskurs | Lidvin |
| 30. | Luster | Årsmøte Luster jfl / synfaring kultivering/vasskraft | SAF |

FEBRUAR

| | | | |
|---------|-------------|---|-------------|
| 5/2 | Eid | Kasserarmøte | AØ, RSS |
| 9/2 | Førde | Styringsgruppa fellingslag store rovdyr | RSS |
| 10/2 | Førde | Studieforbundet natur og miljø | GH |
| 13.-15 | Gardermoen | Kvinnekontaktsamling landsplan | BS |
| 18 | Førde | Møte m/Finn Olav Myhren, innlandsfiskeprosj. | JTF |
| 18 | Leikanger | Årsmøte Leikanger jfl | ØH |
| 19. | Skei | Styremøte | |
| 21.-22. | Gaularfjell | Treningssamling fuglehund | HF |
| 28.-29. | Gaularfjell | Vinterprøve fuglehund | HF, A.Holme |

MARS

| | | | |
|---------|---------|--|---|
| 2. | Skei | Møte FNF | PN |
| 4. | Eid | Kasserarmøte | ØH, AØ, RSS |
| 10. | Førde | Årsmøte FNF | PN, SAF, RSS |
| 12. | Luster | Synfaring Fortunselva | SAF |
| 12. | Skei | Årsmøte Jølster jspfl | SAF |
| 12. | Førde | Årsmøte Førde jfl | JTF |
| 13.-14. | Skei | Årsmøte i NJFF –Sogn og Fjordane | ØH, PN, BS, JTF, SAF, GH, HF, RSS, BH, |
| 17. | Førde | Årsmøte studieforbundet natur og miljø | GH |
| 21. | Skei | Oppdateringskurs ettersøksinstruktører | Lidvin |
| 24.-25. | Skei | Vidaregåande kurs ettersøk | Lidvin |
| 26. | Skei | Portalkurs | RSS |
| 30. | Sogndal | Portalkurs | PN, RSS |

APRIL

| | | | |
|---------|------------|-------------------------------------|----------|
| 1. | Førde | Møte nordsjøløypa | RSS |
| 15.-16. | Hønefoss | Hjortevilt 2009 | JTF |
| 17.-18. | Skei | Seminar fisketurisme | SAF, JTF |
| 21.-22. | Gardermoen | Fylkessekretærsamling | RSS |
| 24.-25. | Skei | Vidaregåande kurs i ettersøk | Lidvin |
| 24.-26. | Sarpsborg | Ungdomsleiarikonferanse, landabasis | JTF |
| 27. | Skei | Adm. Jølstravatnet | SAF |
| 28 | Skei | Styremøte | |
| 30. | Luster | Synfaring Fortundselva | SAF |

MAI

| | | | |
|--------|------------|-----------------------------|-----|
| 8.-10. | Sundvollen | Fylkesleiarssamling | ØH |
| 15. | | Møte fuglehundutvalet | HF |
| 18 | Hyen | Planleggingsmøte fylkesleir | RSS |

| | | | |
|-----|-------------------------------------|--|---------|
| 20. | Sogndal, Leikanger, Kaupanger | Besøk skular; dei unge og auren, leir | JTF |
| 21. | Sogndalsdalen | Møte grunneig. Dalavatnet – Dei unge og auren | JTF |
| 27. | Leikanger | Synfaring kraftutbygging | SAF |
| 27. | Breim | Folkemøte utbygging Storelva Breim | RSS |
| 27. | Leikanger | Synfaring kraftutbygging | PN, SAF |
| 28. | | Årsmøte Espelandsvatnet grunneigarlag, synfaring | SAF |

JUNI

| | | | |
|-------|-----------|---------------------------|---------------------------|
| 2. | Skei | Styremøte | |
| 4.-6. | Nesholmen | Fylkesleir for ungdom | ØH, SAF, GH, JTF, AØ, RSS |
| | Breim | Synfaring Storelva, Breim | SAF |

JULI

| | | | |
|--|--|--|--|
| | | | |
|--|--|--|--|

AUGUST

| | | | |
|---------|---------------|---------------------------|--------|
| 17. | | FNF | PN |
| 18. | Sogndalsdalen | Møte Grunneig. Dalavatnet | JTF |
| 18. | Skei | Styremøte | |
| 27. | Skei | Stormøte ettersøk | Lidvin |
| 28.-29. | Gardermoen | Fylkesleiersamling | JTF |

SEPTEMBER

| | | | |
|-----|-------|-------------------------------|---------------|
| 11. | Førde | Planleggingsmøte fiskeseminar | SAF, RSS |
| 15. | Skei | Møte ettersøksutvalet | ØH, RSS, Rudi |
| 17. | Skei | Møte jaktskyttarutvalet | Bjarne S, RSS |
| 22. | Skei | Styremøte | |

OKTOBER

| | | | |
|---------|---------------|-----------------------|----------------------|
| 8. | Skei | Møte FNF | PN |
| 17.-18. | Gaularfjell | Opplæringsjakt OPPTUR | BS, GH, HF, A. Holme |
| 20. | Skei | Styremøte | |
| 20. | Flora | Synfaring 420 kv | SAF |
| 23.-24. | Skei | Fellesmøte FNF | PN, SAF, RSS |
| 20. | Sogndalsdalen | Møte gr.eig. | JTF |

NOVEMBER

| | | | |
|---------|-------|-----------------------|---|
| 3. | Skei | Møte ettersøksutvalet | Rudi |
| 13.-15. | Bodø | Landsmøte | ØH, PN, JTF, BS, GH, SAF siLundheim RSS |
| 21.-22. | Førde | Fiskeseminar | SAF, JTF, PN, GH, BH, RSS |

DESEMBER

| | | | |
|-----|---------------|----------------------------------|------|
| 1. | Hvalstad | Møte Jakt- og fiskeakademiet | RSS |
| 15. | Markane | Møte Jotunfjell Fj. Elghundklubb | Rudi |
| 21. | Sogndalsdalen | Møte grunneig. Dalavatnet | JTF |
| 29. | Skei | Møte ettersøksutvalet | Rudi |

Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane



Status årsplan for 2009

Satsingsområder:

- 1.1 Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.
- 1.2 Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.
- 1.3 Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle haustingsbaserte friluftslivet.
- 2.1 Organisasjonsutviklinga i NJFF skal bidra til skulerte tillitsvalte, gode aktivitetstilbod, rasjonell drift og attraktive medlemsfordelar.
- 2.2 Rekruttering med vekt på ungdom og kvinner
- 2.3 Gje gode tilbod til barn og ungdom.
- 2.4 Informasjonsarbeid slik at NJFF sitt budskap skal nå ein større del av allmugen og beslutningstakarar, og stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske, og stimulere til auka oppslutnad om organisasjonen.

| |
|---------------------|
| FF = Fagleiar Fisk |
| FV = Fagleiar Vilt |
| FH= Fagleiar Hund |
| KK=Kvinnekontakt |
| UA=Ungdomsansvarl |
| eg |
| FS = Fylkessekretær |
| FL = Fylkeslaget |
| LF = Lokallaga |
| FM = Fylkesmannen |

Jakt og forvaltning

Fagleiar Vilt
Fagleiar Hund
Fylkesinstruktør Aversjon
Fylkesinstruktør Jegerprøve
Utval Eftersøk
Utval Jaktskyting

ÅRSMELDING FAGLEIAR VILT

Sogn og Fjordane fylke er Noreg sitt største hjortefylke, med over 11000 felte hjort dei siste åra. Dette fører til ein del utfordringar, med tanke på større beitepress/beiteskadar, fleire hjortepåkjørslar, usikkerheit rundt skumrings/nattjakt med fleire.

Ei sak vi har jobba litt med siste året er å få belyst dei negative sidene ved å drive med utstrakt hjorteføring, denne saka kjem vi fortsett til å jobbe med vidare.

Vi har og utfordringar med ein stadig aukande rovviltbestand, tenkjer spesielt på gaupe, jerv og ørn.

I Juni 2009 var eg igjen med som instruktør på ungdomsleiren på Nesholmen, noko som alltid er like kjekt.

I Oktober var eg med som instruktør på småviltjakkurs for jenter/damer på Gaularfjellet. Sjølv om fangsten uteblei, såg vi bra med småvilt (rype, hare og orrfugl), og mitt inntrykk var at deltakarane hadde ein kjekk og utbytterik helg.

I November gjekk turen til Bodø, og NJFF sitt landsmøte. Dette var første gangen for meg, og eg synest det var svært kjekt og gjevandes å få være med som ein av NJFF Sogn og Fjordane sine delegatar.

November 2010 (i år) er det igjen tid for eit nytt viltseminar i Førde. I år er det storviltet som står i fokus, og da spesielt hjorten. Så her blir det mykje aktuelt og spennande stoff for jegerane i fylket vårt, (andre er sjølv sagt velkomne og)

Med ønske om eit godt nytt jaktår.

Med helsing
Geir Haukaas
- Fagleiar Vilt -

ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND

Terrenget på Gaularfjellet har vore nytta av mange. Det vart seld 22 årskort og nokre helgekort. Bruken av terrenget har gått bra. Dei fleste er flinke med å plukke opp etter hundane men nokre få trenar utan å ha betalt avgift. Dette håpar vi det blir endring på! No på nyåret er det registrert mykje spor etter mår og røysekatt i terrenget. Dette vil vi gjere noko med, så ei prioritert oppgåve i vinter blir fellefangst dersom grunneigarane godkjenner dette. Prøva på Gaularfjellet 28/2- 1/3 var ein suksess ! Økonomisk gjekk det bra, og 30 % premiering som vi hadde, kan mange andre arrangørar berre drøyme om ! Kjempejobb av prøveleiar Arvid Holme. Takk! Takk går og til Alvhild, Einar og dei andre på Eldalstunet for god jegermiddag og fine rose mala premiar. Overnattinga hos Arnstein Hoff og Ottar Hov er vi og nøgd med. Vi fekk forpremiar frå Phortos Trading / Sportsmans Pride. Dommarane var : Leif Jan Sørli, Helen Jetmundsen, Bjørn Monsen, Jan Rune Sunde og Anders Hetlevik. Leif Jan kom heilt frå Kristiansund ! Takk til alle!

Årsplan fuglehundutvalet 2010

1/1- 1/4 Treningsterrenget ope
23/1 -24/1 Treningsamling / klubbmesterskap NGK. Gaularfjell
20 – 21 /2 Treningsamling NJFF / SF. Gaularfjell
21/2 Lagsmesterskap UK og AK
27 -28 / 2 Høgfjellsprøve Gaularfjell
Vinter 2010 Fellefangst
Juni / juli Sommarsamling
Sept. /okt. Opplæringsjakt ?
15/10 Terrenget ope.

Budsjett fuglehundutvalet 2010

Utgifter prøve Gaularfjell: Reiser og opphald dommarar og prøveleing . – Avgifter NKK og FKF. – Premiar – Printer – Terrengeleige Totalt kr. 32000 .-

Inntekter prøve : Deltakaravgift – Lotteri kr. 37000 .- Fuglehundutvalet øvrige ut : Terrengeleige Gaularfjell kr. 19000.- Thorsnesstølen kr. 3000.- 10 stk. startrevolverar+ ammo. Kr.10000.- 5 stk. mårfeller 3000.- Terrengeleige samling 20- 21/2 kr. 2000.- Totalt kr. 37000.-

Fuglehundutvalet inn .: Terrengleige ved prøve kr. 5000.- Årskort trening kr. 10000.- Terrengleige ved samling NJFF / SF. Kr. 2000.- Terrengleige ved samling NGK. Kr. 2500.- Sponsing kr. 7500.-
Totalt inn : kr. 27000.-

Kommentar : Utgiftene til revolverar + ammunisjon er ei eingongsutgift som vi må ta dersom vi skal arrangere prøve.

Med helsing
Henning Skjalg Fureli
- Fagleiar Hund -
- Leiar Fuglehundutval -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Eg fekk ikkje nok påmeldingar slik at det vart nytt instruktørkurs i 2009.

Fleire lokallag bør gjere ein innsats for å finne nye og motiverte instruktørkandidatar i jegerprøva.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag. Då kan dei dele instruktør oppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer svært godt der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set store krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan oppleve at instruktørane grå trøytt. Tiltaket mot dette er å finne nye, dyktige kandidatar i 2010.

Det vart ikkje arrangert sentral samling for fylkesinstruktørane i jegerprøva i 2009 då NJFF no arbeider med omlegging av instruktørordninga.

Tilbakemeldingane syner at dei lokale instruktørane i fylket gjer ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøveavviklinga i fylket. Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at alle lokale instruktørar samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg. Dette aukar kvaliteten på kursa og styrker samarbeidet mellom instruktørane.

Eg ber om at alle lokallaga sjekkar følgjande rutinar i samband med jegerprøvekurs:

1. Melde kurset inn i Studieforbundet NM.
2. Legge info om kurset på heimesida til NJFF -Sogn og Fjordane
3. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timar, verken meir eller mindre.
4. Hugs å skriv på klokkeslett for start og slutt under kvar dato.
Det er ikkje nok å berre skrive timetal i sjølve dato-rubrikka.

No er det lov å differensiere prisen på jegerprøva. Dette opnar for endå betre medlemsverving i Sogn og Fjordane.

Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid i 2009.

Årsplan for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2010:

Eg deltek på sentral samling 15.-17. januar. Det same gjeld andre møte som må til, for å sikre god oppdatering eller som styret i NJFF –Sogn og Fjordane bestemmer.

Fylkesinstruktøren vil arrangere kurs for nye instruktørar 13.-14. februar og så snart det er minst 5 nye som treng opplæring.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
- Fylkesinstruktør Jegerprøve -

ÅRSMELDING ETTERSØKSUTVAL

Det vart innkalla til skipingsmøte i ettersøksutvalet i september 2009 på Skei. Det vart der bestemt at eit utval innan ettersøk på fylkesnivå med høg kompetanse og erfaring skulle ta tak i ettersøksarbeidet under NJFF -Sogn og Fjordane.

Ettersøksutvalet har fem medlemmar inklusiv leiar.

Desse er: Rudi Sønnervik leiar
Lidvind Hage
Birger Hogrenning
Sjur Dale
Bente Skrede

Det har vært holdt tre arbeidsmøter i 2009.

Utvalet har i haust jobba med eit eige kursopplegg for vidaregåande ettersøk med fokus på jeger. Dette kurset er direkte retta mot ettersøk av hjort, og er berekna på forhold i vårt eige fylke. Målet er å ferdigstille kurset i løpet av vinteren 2010, så det er klart til bruk til våren.

Utvalet har i tillegg vert involvert i fleire saker innan ettersøk i haust, til dømes støttebrev til Bremanger Ettersøkslag etter deira avgjer om boikott av eit jaktlag. Utvalet har òg sendt ut eit skriv der vi presenterar oss sjølv, samt gjev litt informasjon om kva vi skal jobbe med og kva som er våre mål. Det har kome inn fleire positive reaksjonar på dette, og mange gode tilbakemeldingar.

Utvalet har i samarbeid med Jotunfjell Fjordane Elghundklubb bestemt å halde kurs i vidaregåande ettersøk på Ullsheim i Stryn Kommune. Vi skal stille med ressurspersonell og bidra til at denne kurshelga blir vellykka. Kurset skal gå over helga 4-6 Juni.

Utvalet har samtidig jobba med å registrere og lage ein database som skal innehalde all tilgjengeleg informasjon angående ettersøk i fylket. Desse tala og statistikkane skal vere tilgjengelege for dei som er interessert i dette.

Utvalet kjem til å vere aktivt i forhold til kurs og temakveldar rundt om i fylket. Vi kjem til å halde fokus på alt frå nybegynnar til vidaregåande ettersøk. Det blir og utarbeida eit kurs i nybegynnar blodspor som alle instruktørane i utvalet kan nytte seg av. Det har vore ein del førespurnad om slike kurs ifrå ringar og hundeklubar.

I løpet av 2009 har nokre av instruktørane våre også arrangert eit kurs i vidaregåande ettersøk. Dette kurset vart halde på Skei, helga den 25 april, med ca 17 påmeldte. Den 25 august vart det halde ein temakveld for alle interesserte i ettersøk, her var det ca 25 påmeldte.

Ettersøksutvalet vil sende ut ein kursoversikt som vi håpar kan ligge på nettsidene til NJFF - Sogn og Fjordane.

Arbeidsplan for 2010 blir å avhalde to til tre vidaregåande ettersøkskurs, samt tre til fire nybegynnar ettersøkskurs. Det kjem til å bli avhalde kurs i blod- og ferskspor i regi av utvalet. Desse kursa blir avhalde etter førespurnad, med tanke på rekruttering av nye ettersøksjegrar i fylket. Det same gjeld fagkveldar. Det er planlagt ei tema/fagkveld innan ettersøk på Skei i slutten av August 2010 der vi kjem til å invitere alle jegerar og ettersøksjegrar som interesserar seg for ettersøksarbeid.

Med helsing
Rudi Sønnervik
- Leiar Ettersøksutvalet -

ÅRSMELDING JAKTSKYTINGSUTVAL

Utvalet har hatt slik samansetning:

Leiar Bjarne Skrede

Medlem Svein Inge Lundheim

Medlem Jan Inge Kleppe

Møter: Det har vore halde eitt møte. På dagsorden var terminlistearbeid for 2010. Med på møte var også representantar frå lokallaga.

Spesielle satsingsområder: Det har kome ønskje om ei større satsing på jaktfeltskyting i Sogn og Fjordane. Tiltak for å få dette til har vore diskutert i utvalet.

Jaktfeltskyting har bra aktivitet i Nordfjord. I Sunnfjord og Sogn er aktiviteten mindre. Vårt mål er å styrke aktiviteten i dei laga som har aktivitet og å få i gang aktivitet i nye lokallag.

I 2010 har vi fått terminfesta stemner i jaktfeltskyting i Leikanger og Førde. Dette er ein start. Men på lengre sikt så må det til et stemneprogram i Sunnfjord og Sogn som gjer at potensielle jaktfeltskyttarar i desse regionane har eit stemnetilbod.

Av andre tiltak så har vi arbeidd med å få til en karusell i jaktfeltskyting. Vi har kontakta en mulig sponsor for denne. Desse forhandlingane er ikkje slutførte men det ser ut til at dette kjem i orden i løpet av vinteren. Det er her tenkt 5 stemner der dei 3 beste resultatane er teljande for kvar deltakar. Det er også tenkt at det vert trekt ut premiar til dei som har deltatt på minst 3 stemner.

Elgbaneskyting er en disiplin utan den store deltakinga. Vi tenker oss å få til kombinerte stemner med jaktfelt og elgbaneskyting på dei banene som har elgbane. Dette for å prøve å få med jaktfeltskyttarar også på elgbana.

Hagleskyting har jevnt over god aktivitet i heile fylket og terminlista her er ganske god. Eit godt stevnetilbod til alle aktive. Her ligg vi stort sett på same mal som tidlegare år.

Med helsing
Bjarne Skrede
- Leiar Jaktskytingsutvalet -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR AVERSJON

Det ble ikkje gjennomført kurs i aversjon 2009

Med helsing
Arvid Holme
- Fylkesinstruktør Aversjon -

| | | | | |
|-----------|---|--|------------------------------------|------------------|
| Opplæring | Hjortejakt / småviltjakt Fadderordning og opplæringsjakt for nye jegerar | | Gaularfjellet Lokallag, gr.eig. | |
| | Vidaregåande kurs ettersøk - nye ettersøksekv. | 25. -26.april | Skei | ✓ |
| | Opplæringsjakt, eventuelt med fuglehund | 17.-18.- okt 24.-25. okt. 31.10-1.11 | Gaularfjellet | 17.- 18.10.09 |
| | Oppdateringskurs Ettersøksinstruktørar | 21. mars | Skei | ✓ |

| | | | |
|------------------------|--|-------------------|--|
| | Jegerprøvekurs del II med praktisk jakt? Hefte opplæringsjakt /tilbod j.p. kandidatar | | |
| Jegerprøve | Fase I og II nye j.p. Instruktørar ved behov | | |
| Jakthund / Ettersøk | Treningsterreng fuglehundar | 01.01-01.04 | Thorsnesstølsterren g, Gaularfjell ✓ |
| | Treningsterreng fuglehundar | 15.10-01.04 | Langestølsterreng et, Gaularfjellet ✓ |
| | Treningssamling ståande fugleh. NGK | 24.-25.01 | Gaularfjellet ✓ |
| | Treningssamling ståande fugleh. NJFF SF | 21.-22.02 | Gaularfjellet ✓ |
| | Høgfjellsprøve fuglehund | 28.02-01.03 | Gaularfjellet ✓ |
| | Kombinert / apportsamling | Juni | Førde |
| | Informere godt om Gaularfjellet | | |
| | Regelverk tilpassa norske forhold, ettersøk | | |
| | Kartlegge status ettersøksarb. S&F | kont | |
| | Halde oversikt over ettersøksekv./instr. | kont | |
| | Bistå terminfesta sporprøver | | ✓ |
| | Kommunane sjekke om jaktvald reell avtale ettersøk | | |
| | Gjennomføre oppdateringskurs og utdanne nye instruktørar etter behov, aversjon | | |
| Rovvilt | Deltakar kontaktutvalet for rovvilt | Vår Møte haust | Leikanger Leikanger ✓ ✓ ✓ |
| | Møte rovviltnemda | | |
| | Deltakar styringsgruppe regionalt fellingslag | | |
| Hjortevilt | Arbeidsseminar kommunane | | Førde |
| | Merkeprosjekt hjort: møter, nettside | kont. | ✓ |
| | Påkøyrslø hjort | | |
| | Skumrings-måneskinnsjakt. Uttale | | ✓ |
| | Oppdatere oversikt hjortejakt (sal) Hjortevilt 2009 | | ✓ |
| Småvilt | Taksering. Krev godkjenning av gr.eigar og fritak frå bandtvang | April | |
| | Taksering | haust | Nordfjord |
| | Strateginotat vedr. småviltjakt, forvaltning etc. | | |
| | Hard baglimit vinter Oppdatere oversikt over jaktkort (sal) | | |
| Kystsel | Oppfordre til å søke om skadefelling | | |
| | Kartlegge kobbe Indre Sogn | | |
| | Arbeide for auka kobbekvotar | | |
| Natur- forvaltning | Kulturlandskap. Brev til myndigheiter | | |
| | Bestandsregistrering oter, 2-årsprosjekt | | |
| Skyting | Oppdateringskurs jegertrapdommarar Utarb. hefte med info om banebygging, tilskot etc | | |

| | | | | |
|-----------------|--|--|-------|---|
| | Kartlegge behov for tilbod på skot, leirduer Arr. Vinterjegeren i samarbeid med LL v/behov | | | ✓ |
| | Koordinere skytestevner | | | ✓ |
| | Plan for rekruttering | | | ✓ |
| | Open dag på min. 2 skytestevner | | | ✓ |
| | Sogn og Fjordane Cup | | | ✓ |
| | Revisjon regelverk | | | ✓ |
| Samarbeid FM | Tildeling vilffondsmidler | | mars | ✓ |
| Sikkerheit | Oppfordre til bruk av signalfargar Medl.tilbod til j.p. Kandidatar. | | | ✓ |
| Høyringar | Vindkraftsaker | | | |
| Framleige | Følgje opp evt. saker | | kont. | |

Fiske og forvaltning

Fagleiar Fisk/Fiskeutval

ÅRSMELDING FAGLEIAR FISK

Småkraftsøknader og høyringsfråsegner har teke mykje av tida i eit travelt arbeidsår. Likeeins har det vore ein del aktivitet kring kraftlineproblematikk- ikkje minst 420 lina frå Fardal til Ørskog. Desiderert mest krevjande har eg opplevd arbeidet med Rutilsaka i Vevring. Det var nesten 500 sider med vanskeleg tilgjengeleg stoff, men fylkeslaget konkluderte eintydig med at denne saka må vi gå imot på bakgrunn av dei framlagde opplysningane.

Som tidlegare har eg vore på synfaringar; Vestsidautbygginga i Jostedøla og Vigdøla, Fortunsvassdraget, Storelva på Breim, Leikanger kraftverk, Osenvassdraget, og mange ganger i heimeelva mi Daleelva.

Eg har skrive høyringsfråsegner i Rutilsaka, til vestsidautbyggingane i Jostedal, Illvatnet pumpekraftverk og Øyane kraftverk i Fortunsvassdraget til Storelva på Breim, og til ei rekkje problemstillingar kring Eiriksdal kraftverk i Daleelva.

Under FM sitt laksemøte på Skei, var eg vald til å forfatte eit utkast til fråsegn om stoda for villaksen, og forvaltninga si lemfeldige handtering av spørsmålet. Vi sende høyringssvar til fylkesmannens framlegg til fiskeopplegg for 2010 -2014. Denne gongen fekk vi tid til ei grundigare handsaming i heile fylkesstyret under arbeidsmøtet på Skei.

Det har vore stillare kring EU sitt vassdirektiv, men eg har vore på Nesttun i vanndirektivmøte, og opplevde det kaoset av oppgåver og lokale innspel som kjem fram i tilfellet Nordåsvassdraget, som er eit "prøveprosjekt" for urbane område, medan Strynevassdraget er eit eksempel på meir landlege problemstillingar. Fylkeskommunen i Hordaland har koordinerande forvaltningsansvar for vår vannregion. Vanndirektivet skal implementerast i kommunal forvaltning, og målsettinga er at alle vassystem som blir berørte av utbyggingar skal ha god økologisk status. Dette gjev ein reiskap

for å stille krav til utforming av elvelaup, minstevassføring og grundigare utgreiingsarbeid for høyringar til småkraftsøknader.

Fiskeseminarret i Førde presenterte mange interessante felt. Minstemålsreglane vert ei utfordring å få innpass for hos sjøfiskarane. Mange av deltakarane på seminarret etterlyste konkret handling frå oss på lokalplanet- ma. auka fokus på korleis vi må jobbe mot forvaltninga for å gjennomføre lokale skjøtsels-og forvaltningstiltak.

Eit breitt fagleg samansett ekspertråd har vurdert stoda for anadrom fisk, og sett gytebestandsmål for dei fleste laksevassdraga i Noreg. Dette, saman med kategoriseringa har medført at det i ei rekkje vassdrag er anbefalt avgrensingar i uttaket. Ein del elvar er føreslege stengt for laksefiske. I elvar i vårt fylke som blir råka av slike tiltak, blir det ei viktig oppgåve å kvalitetssikre- og oppdatere dei opplysningane som lakserådet har lagt til grunn. Utan aktive og etisk medvitne fiskarar langs laksevassdraga våre, misser forvaltninga feltarbeidarressursen dei er avhengige av både for å gjennomføre føreslegne tiltak, men og å skape reliable korrektiv til dei relativt grovmaska tiltaka som er føreslege. Her ligg vår styrke, og no må vi handle- om ikkje all fiske skal styrast av sentrale styresmakter. Dette blir mellom dei viktigaste oppgåvene til utvalet å hjelpe lokallaga med, saman med heilt lokale problemstillingar.

Eg har delteke på årsmøte i KAF (Kultiveringsanleggenes forening) i Molde, og på den nasjonale sjøaurekonferansen på Sunndalsøra. Eg deltok og på Årsmøtet til NJFF i Bodø, og var med i protokollkomiteen.

Av meir praktisk arbeid har eg delteke i prøvofiske saman med fylkesmannens prosjekt leiar for "Regulantprosjektet", som tek for seg stoda for innlandsauren, fortrinnsvis i regulerte- eller berørte vassdragsavsnitt. Sjølv om den generelle tilbakegangen i forsureinga no har stagnert, er det enda behov for utsetjing og habitatsskjøtsel i ein del vatn i fjellet. I midtre Sogn rekrutterer no auren for eiga maskin om lag 250 meter høgare over havet enn tidleg på 90-talet. Dermed er det eit godt grunnlag for vårt programsatsingsfelt innlandsfisken. Kondisjonen har auka, og innslaget av fisk som er raud i kjøtet har auka betydeleg- eit signal om at også botndyra – og dermed matfatet har fått betre forhold.

Eg jobbar med habitatprosjektet i Daleelva-saman med NVE og Statkraft, og framleis pågår innsamlinga av botndyr i Daleelva for artsbestemming og teljing på NINA-laben i Trondheim. Dette prosjektet skal vi prøve å få finansiert for vidare drift, slik at vi får langtidsserie for vurdering av dyresamfunna i eit regulert vassdrag. Slike er det få av i landet.

Kampen mot luse- og rømningsproblematikken er konkrete oppgåver som nokre utvalde fylkeslag – **mellom dei vi-** er bedne om å engasjere seg i av forbundet sentralt.

Likedan er det no tid for ei rekkje vilkårsrevisjonar for eldre kraftverk, og framleis mange småkraftsøknader som kjem til handsaming. Vi har no nyleg fått ein god reiskap til hjelp i arbeidet med desse temaene. I kunnskapsserien for laks og vannmiljø (3) er no gjeve ut ei kunnskapssamanfatning av relevante tema; **Effektar av vassdragsregulering på villaks.** ISBN: 978-82-93068-13-6 (pdf) Ei matnyttig samanfating av relevante tema- sidan vassdragsreguleringar er eit direkte menneskeskapt trugsmål mot villaksen og sjøauren. Ikkje minst er her ei rad praktiske utfordringar som vi kan bidra til å påverke direkte gjennom lokale skjøtsels- og biotopptiltak. **Handle no !**

Forskargruppa hadde følgjande konkrete mandat; **"Å skaffe og systematisere objektiv kunnskap om de ulike laksebestander, som skal utløse tiltak som verner og styrker de ulike bestander."** Utfordringa blir å få kraftprodusentane til å implementere denne kunnskapen i sine køyreplanar.

Førre årsmøtet la opp til at det skulle utpeikast medarbeidar i eit fiskestellutval, slik at vi skulle betre kontakten mot lokallaga og fordele arbeidsoppgåvene. Utvalet består av;

Underteikna som leiar, **Terje Hove Thorsnes, Leikanger, Jøran Henriksen, Stryn og Roald Nordeide, Askvoll.**

Av forskjellige grunnar har underteikna ikkje fått organisert og engasjert utvalsmedlemene dette året- m.a. har eg vore eit tjugetals turar hos odontologen i Bergen. Utvalet skal med det første konkretisere arbeidsplan, ansvarsfordeling og arbeidsfelt på heimesida. Vi oppfordrar lokallaga til å ta kontakt og melde saker av lokal interesse- så vil vi støtte arbeidet dykkar.

Avslutningsvis takkar eg alle gode samarbeidspartnarar som tek eit tak til fremme av sportsfisket både for allmenta og våre medlemmar.

Spesiell takk og honnør til Reidun for kjempeservice på kontoret og ofte i felt.

Med helsing

Svein Arne Forfod

- Fagleiar Fisk -
- Leiar Fiskeutvalet -

| | | | | |
|-----------------------|--|----------------|----------------------------------|---|
| Kraftsaker | Halde oversikt | kont. | | ✓ |
| | Oppfordre LL til å ta kontakt i kraftsaker | kont. | | ✓ |
| Samarbeid FM | Tildeling fiskefondsmidler | mars | | ✓ |
| | Fiskeseminar FM/NJFF/Skogeigarl/Bondel | 21.-22.nov | Førde | ✓ |
| Sjøaure | Bistå NINA i å fange sjøaure gj. vinteren for å studere lusepåslag. | kont. | Sognefjorden | ✓ |
| | Kartlegge sjøaureressursen i aurebekkar som ikkje tidlegare er undersøkt (samarb. FM). | kont. | Høyanger, Flora, Stryn/Hornindal | |
| | FOU prosjekt | kont. | Daleelva | ✓ |
| | Sjørørret. Alternativ aktivitet. Status | | | |
| | Info om minstemål, grenser til os etc | | | |
| Villaks | Deltakar lakserådet. Møter | | | ✓ |
| | Villaksseminar (Norsk villakssenter) | | Lærdal | |
| | Anmelde større rømmingar | | | |
| | Lakseluskampen | | | ✓ |
| Innlandsfisk | Skjøtsel, habitat, driftsplan, rapportering og organisering | | | |
| Hav og kystområda | Kartlegge sjøfiske – kart | kont. | | |
| | Pådrivar for forskning / bestandsovervaking | | | |
| | Tobis. Politisk sak | | | |
| | Berekraftig beskatning | | | |
| Forsuring og ureining | Hindre smittespreiing, pressemed. | før laksestart | | |
| Høyringar | Vasskraftsaker, kraftliner | | | ✓ |

| | | |
|-----------|--|-----------------------------|
| Framleige | Følge opp søknader på gang og evt. nye Kontakte Aurland jfl og følge opp overtredingar i forhold til godkjenning | Stryneelva Nærøydalselva |
|-----------|--|-----------------------------|

Rekruttering

Ungdomsansvarleg Kvinnekontakt

ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG

Året 2009 er historie og underteikna sit med svært positive minner frå året som gjekk. Ungdomsleiren i Hyen var ei fantastisk oppleving, med godt vêr, masse flotte ungdomar, dyktige instruktørar, arrangørar, og andre som i sum bidrog til ei vellykka helg i Hyen.

For meg gav dette viktig motivasjon til ei vidareutvikling av barne- og ungdomsaktivitetar.

Det er ingen tvil om at slike aktivitetar treff den yngre garde, og det å bryte grenser, oppleve meistring, bli kjent med og ikkje minst måtte samarbeide med andre, med like interesser, gjev positive erfaringar for livet. Og her er den store utfordringa!!!!

Korleis skape ein opplevings-kultur gjennom den lokale jeger og fiskeorganisasjonen???

Det er her mange unge ikkje lenger får ta del i denne kulturen gjennom familien og dei tradisjonane vi hadde inntil for nokre år sidan. Dette kan vi gjere noko med!

Ved å sjå at dette er eit viktig bidrag for utviklinga av interesse for jakt, fiske og friluftsliv, kan eit godt utvikla tilbod auka rekrutteringa og styrka kompetansen, og på den måten bidra til stabile medlemmar i NJFF. I tillegg har dette mykje å seie for økonomien i laga. Det å ha eit rikhaldig aktivitetsnivå gjev betydeleg auke i inntekter ein elles går glipp av. Samstundes blir positive opplevingar ofte snakka om i ulike føra, og her ligg ein verdifull marknadsføring av lokallaget. Ungar som finn medlemskapet attraktivt, får ofte fylgje av sysken og foreldre.

“Dei unge og auren” har teke sine fyrste vaklande steg og eit 20-tals ungdomskuleelevar deltok på prøvafiske i haust. Skue-lystne og fulle av vitebegjær, møtte dei opp i friskt haust- vèr. Lengde, vekt og kjønnsbestemmelse blei nøyaktig notert på skjema, og skjel frå kvar ein fisk vart putta i eigen konvolutt og merka. Undersøking av innhald i mage, blei analysert og debatert og det var mange kreative innspel til kosthald/livsstil. Å finne otolitten(øyrestein) baud på store utfordringar og dei klatra over kvarandre for å komme nære nok. Og jubelen sto i taket, da vi omsider fant den. Den regntunge hausten gjorde rusefisket vanskeleg, men då vannstanden endeleg sank i november, kunne vi gjere nyttige erfaringar på å fange små-fisk på gytevandring. På kort tid fekk vi 600 små-fisk, som med vekter på 80gr for hann-fisk, og 100 gr for ho-fisk, var sprekeferdige og klar til å formeire seg.

Det vert gjort nye forsøk på å etablere ungdomsleir i Sogn, og “dei unge og auren” skal gjerast kjent for fleire. Leiren på Nesholmen vert arrangert like før sommarferien. Vonar lokallaga og ungdomsleiarane engasjerer seg og ynskjer skapa aktivitetar i året som kjem, og ser fram til eit initiativrikt år

Med helsing
Jan Thore Fedje
- Ungdomsansvarleg -

ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT

Jeg startet året med å reise på nettverksamling for NJFF`s kvinnekontakter. Samlingen var på Gardermoen 13-15 feb.

Dette var en lærerik samling der det møtte kvinnekontakter fra nesten alle fylkene våre.

- nov.var jeg delegat til NJFF`s Landsmøte i Bodø. Jeg reiste som kvinnekontakt.

I år var det vanskelig å få til en kvinnekontaktsamling for fylket sine kvinnekontakter. Første gang var det to påmeldte, så vi ble enige om å prøve litt seinere på året. Da var det ingen påmeldte, så det ble ingen samling i 2009. Neste år skal jeg prøve i januar, kanskje det er en bedre tid for å samles.

Det var satt opp et kurs i laksefiske i juni/juli, men ingen meldte seg på. Jeg flyttet kurset til sep. da med tanke på å kunne fiske ørret, men det ble ingenting av det heller.

Turen til Sverige på storfugl og beverjakt hadde to deltakere. Dette syns vi var for lite når vi skulle reise så langt, så den ble avlyst.

Vi hadde et vellykka kurs i småviltjakt med hund på Gaularfjellet. Dette var 17.-18. oktober. Vi hadde et strålende vær, snø i høyden og kaldt . Det var så mange påmeldte at vi måtte dele oss i to grupper. En gruppe med hund og en gruppe uten. Kjempegode tilbakemeldinger fra deltakerene.

Selv om det har vært vanskelig å få damene med på fylkesarrangement, er det mange av laga som har begynt å få god aktivitet for damene. Det er flott å se at kvinnekontaktene rundt om har begynt å få det til. Det er også litt økning på de kvinnelige medlemene.

Til tross for en del motgang, gleder jeg meg til å ta fatt på et nytt år som kvinnekontakt. På planen for neste år står det kvinnekontaktsamling, småviltjakt, lakse/ørret fiske og storfugl/beverjakt i Sverige. Jeg håper på å kanskje få med et lokallag som medarrangør. Jeg ser positivt på det kommende året.

Med helsing
Bente Skrede
- Kvinnekontakt -

| | | | | |
|----------------|--|--------------|-------------------|---|
| Barn og ungdom | Storkurs 4H (FNF-samarb.) | 24.-26.april | Breim | |
| | Fylkesleir for ungdom | 5.-7. Juni | Nesholmen | ✓ |
| | Fylkesleir for ungdom | | Sogn | |
| | Annonsering aktivitetar ungdom facebook | | | |
| | Lage videoklipp frå leirane - marknadsføring | | | |
| | Premiere godt ungdomsarb. i LL | | | ✓ |
| | Dei unge og auren | | | ✓ |
| Kvinnesatsing | Småviltjakt for jenter | 17.-18.okt | Gaularfjell | ✓ |
| | Toppjakt for jenter | 3.-8. nov | Storbäck, Sverige | |

| | | | | |
|----------------|--|--------------|--------|---|
| | Hjortejakt for jenter? | | | |
| | Laksefiske for jenter | 3.-4. juli | Gaula? | |
| | Kv. J.p. kandidatar | 1.halvår | | |
| | Følge opp KK i LL. Brev, tlf. e-post | kont. | | ✓ |
| | Arb. for fleire KK i LL og kvinner generelt | kont. | | ✓ |
| | Arb. For fleire kvinner i fylkeslaget | | | |
| | Kvinnekontaktsamling | 16.-17.01.10 | | ✓ |
| Funksjonshemma | Infomere om kva som er tilrettelagt for funksjonshemma | | | |
| Medlemspleie | Aktivitetar | juli | | ✓ |
| | Medlemsfordelar: rabatt på sikkerheitsbekledning, rabatt på skytesimulator på Lunde, rabatt utstyr | | | ✓ |
| | Heiderspris til person som har gjort godt arbeid innen barn og ungdom | | | ✓ |
| | Brev til barne- og ungd.medlemer | mars | | ✓ |
| | Brev til kv. Medlemer + andre jenter | april ? | | ✓ |
| | Prisdifferensiere kurs og aktivitetar | kont. | | ✓ |

Organisasjon og informasjon

Organisasjonskontakt

ÅRSMELDING FRÅ ORGANISASJONSKONTAKT

Det har ikkje vore aktivitet i 2009

Organisasjonskontakt Kristin Halvorsen flytta til Trondheim sommar 2009, og Bjarne Huseklepp tok over rolla som organisasjonskontakt.

| | | | | |
|--|---|---------------|-------------|---|
| Landsmøte | S & Fj. Har 5 delegater. + Leiar | 13.-15.nov | Bodø | ✓ |
| Årsmøte | | 13.-14. mars | Skei | ✓ |
| Styremøter og arbeidsmøte | | | | ✓ |
| Skulering /intern-nettverk fylkeslaget | Samlingar sentralt i NJFF for fylkesinstruktørar og andre i fylkeslaget | 13.-15. febr. | Kv.kontakt | ✓ |
| | | 8.-10.mai | Leiar | ✓ |
| | | 28.-30.aug | Leiar | ✓ |
| | | 21.-22.april | Fylkessekr. | ✓ |
| | | nov. | Fylkessekr. | |
| | | 4.-6. Des | Jegerpr. | ✓ |
| | | 24.-26. april | Ung.ansv | ✓ |
| | 3 Leiar konferansar | | | |

| | | | |
|------------------------|--|-------------------------------|------------|
| | Kvinnekontaktsamling, LL Ungdomsansvarlegssamling, LL | 12.-13. juni 24.-26. april | (✓) |
| Fylkesinstruktør | Vurdere behov for fylkesinstruktør jakthund | | |
| Utvalg / Ad hoc | Danne utval ettersøk, evt. ettersøksråd | Ettersøksutval Fiskeutval | ✓ |
| Ressurs-personar | Database over ressurspersonar til kurs o.a. kont. slakte, jaktleiar, rev etc. | | |
| Org. skulering | Organisasjonskurs etter henvendelse Oppnemne organisasjonskontakter | | |
| Oppfølging LL | Årsmøter i lokallaga Telefonkontakt med nye leiarar Fylkesinstruktørar kontakt med LL Brev til alle medl i styra i LL | | ✓ |
| Spesialoppfølging LL | Prioritere 3-5 LL. "bygge stein på stein" Vitalisere eit LL | | |
| Infoskriv LL | min. 6 "Jeger & Fisker" til LL Oversikt stønadsordningar + sms | | ✓ ✓ |
| Info i fylkesmagasinet | Skrive stoff til fylkesmagasinet i minst 6 utgåver | | |
| Portal | Utvikle vidare fylkessida i portalen | kont. | ✓ |
| | Informere om kurs og aktivitetar etc. | kont. | ✓ |
| | Synleggjere FL sine standpunkt | kont. | ✓ |
| | Bistå LL i etablering nye nettsider | kont. | ✓ |
| | Infomere medlemmer via e-post i portalen | kont. | |
| Pressemeldingar | Sjå også andre punkt. Lys ettersøk Alle arrangement Alternativ sjørrettkonkurransen | | ✓ ✓ |
| Informere om NJFF -SF | På seminar og aktivitetar | | ✓ |
| Profil | Bruke NJFF sin profil ved annonsering, bruke NJFF sitt handlingsprogram i sin årsplan | | ✓ |

| | | | | |
|----------------------------|------------------------------------|------------|-------|---|
| Inatur | marknadsføre til LL, nettside o.a. | | | |
| FNF nettverk | Møter i styringsgruppa | | Førde | ✓ |
| | Årsmøte i FNF | 10. mar. | Førde | ✓ |
| | Fellesmøte hausten | 23.-24.okt | Førde | ✓ |
| Studieforb. natur og miljø | Medlem i styret. Møter og årsmøte | | | ✓ |




REKNESKAP 2009

| | Inntekter | Utgifter | Sum | Bud 2009 inntekt | Bud 2009 utg. | BUD RES |
|--|-----------|----------|--------|------------------|---------------|---------|
| Avdeling: 1 Administrasjon | 213858 | 262917 | -49059 | 225000 | 240000 | -15000 |
| Avdeling: 2 Leiarkonferanse | 0 | 0 | 0 | | 20000 | -20000 |
| Avdeling: 10 Fylkesleir Hyen | 37800 | 38417 | -617 | 35000 | 35000 | 0 |
| Avdeling: 13 Fylkesleir sogn | 0 | 0 | 0 | 20000 | 20000 | |
| Avdeling: 12 Jenteaktiviteter | 30000 | 5169 | 24831 | 20000 | 20000 | 0 |
| Avdeling: 14 Rekrutteringstiltak ungdom | 0 | 6868 | -6868 | 30000 | 28500 | 1500 |
| Avdeling: 15 Utstyr for Utlån | 0 | -1 | 1 | | 8000 | -8000 |
| Avdeling: 16 Dei Unge og Auren | 25000 | 18570 | 6430 | | | 0 |
| Avdeling: 19 Sal effekter | 2076 | 18938 | -16862 | 10000 | | 10000 |
| Avdeling: 20 Fiskeseminar og forvaltning | 45000 | 63100 | -18100 | 40000 | 65000 | -25000 |
| Avdeling: 21 Viltseminar | 0 | 6869 | -6869 | 0 | | 0 |
| Avdeling: 30 Gaupe kurs | 0 | 0 | 0 | 15000 | 15000 | 0 |
| Avdeling: 31 Fuglehund | 46555 | 19338 | 27217 | 20000 | 25000 | -5000 |
| Avdeling: 34 Ettersøk | 29200 | 21939 | 7261 | 15000 | 10000 | 5000 |
| Avdeling: 36 Jervejakt kurs | 200 | 0 | 200 | | | 0 |
| Avdeling: 39 Jaktskyttarutval | 21500 | 21473 | 27 | 20000 | 20000 | 0 |
| Avdeling: 46 Aversjon | 75 | 770 | -695 | | | 0 |
| | 451264 | 484367 | -33103 | 450000 | 506500 | -56500 |


Resultatrapport kontospesifise

| Kontonummer | Tekst | Hittil i år 01.01.2009 - 31.12.2009 | Hittil i fjor 01.01.2008 - 31.12.2008 |
|-------------|--|---|---|
| | DRIFTSINNEKTER | | |
| 3057 | Andel kontingent | 145 413 | 138 662 |
| 3058 | Deltakaravgift | 39 055 | 43 955 |
| 3400 | Tilskot NJFF | 51 408 | 56 975 |
| 3410 | Andre tilskot | 170 000 | 260 923 |
| 3420 | Momsrefusjon | 9 017 | 7 846 |
| 3500 | Salsinntekter effektar Trenings- og | 2 076 | 8 638 |
| 3720 | instruksjonsinntekter | 16 400 | 2 250 |
| 3730 | Kursinntekter | 9 875 | 15 579 |
| | SUM DRIFTSINNEKTER | 443 244 | 534 828 |
| | DRIFTSKOSTNADER | | |
| 4090 | Endring varelager | 18 938 | -10 000 |
| 4500 | Innkjøp effekter | 6 264 | 0 |
| 5900 | Gåver | 15 235 | 32 564 |
| 6300 | Leige lokale | 51 490 | 44 100 |
| 6400 | Kjøp av utstyr, inventar | 20 537 | 19 176 |
| 6401 | Kjøp av aktiviteter | 33 967 | 6 068 |
| 6402 | Premiar | 19 797 | 38 413 |
| 6403 | Kjøp av effektar | 0 | 24 269 |
| 6420 | Reparasjon og vedlikehald | 1 268 | 6 691 |
| 6500 | Rekneskapshonorar | 20 169 | 2 875 |
| 6710 | Annonser | 10 902 | 6 391 |
| 6800 | Kontorrekvisita | 9 457 | 5 304 |
| 6840 | Aviser og tidsskrift | 6 095 | 1 985 |
| 6850 | Kursutgifter | 47 568 | 41 709 |
| 6860 | Møteutgifter | 61 943 | 137 252 |
| 6870 | Utadretta verksemd | 33 110 | 11 251 |
| 6900 | Telefon og internett | 18 304 | 28 570 |
| 6940 | Porto | 18 251 | 11 995 |
| 7100 | Bilgodtgjerdsl | 55 153 | 72 353 |
| 7140 | Reiseutgifter, ikkje oppg. pl. | 31 510 | 14 535 |
| 7500 | Forsikring | 3 670 | 3 446 |
| 7770 | Bank- og kortgebyr | 677 | 528 |
| 7800 | Utbetaling til lokallag | 0 | 8 974 |
| | SUM DRIFTSKOSTNADER | 484 303 | 508 447 |
| | DRIFTSRESULTAT | -41 059 | 26 381 |
| 8051 | Renteinntekter | 8 020 | 16 046 |
| 8150 | Annan rentekostnad | 63 | 59 |
| | RESULTAT | -33 102 | 42 368 |


MEDLEMSUTVIKLING




NJFF 2004




NJFF 2008




NJFF 2009




Medlemsutvikling NJFF -Sogn og Fjordane 1980 - 2009





NJFF Sogn og Fjordane 2003




NJFF Sogn og Fjordane 2008




NJFF Sogn og Fjordane 2009




Askvoll og Holmedal jfl




Aurland jfl




Balestrand jfl




Flora jfl




Bryggja og Omegn jfl




Eid jfl




Fjaler jspfl




Førde jfl




Gaular jfl




Gloppen jfl




Gulen jsfl




Hyen jfl




Hyllestad jfl




Høyanger jfl




Jølster jsjfl




Leikanger jfl




Luster jfl




Lærdal jfl




Naustdal jfl




Selje jfl




Sogndal jspfl




Stryn og Hornindal jspfl




Svelgen jfl




Sørgulen jfl



Vik jfl



Årdal jfl



Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.09

| | | |
|-------------------|-----------------|------|
| 1 datamaskin (pc) | Lenovo | 2008 |
| 1 Flatskjerm, PC | Samsung | 2008 |
| 1 bærbar PC | Acer | 2006 |
| 1 Mobiltelefon | Nokia | 2006 |
| 1 telefaks | Brother Fac-T74 | 2005 |
| 1 ISDN telefon | DORO bisy | 1999 |
| 1 kopimaskin | Nashuatec D420 | 1997 |

Utstyr til lån som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.09

Skaphengar, (2000)
 Elektrisk Dressurhalsband (utgått)
 Målegevær
 10 stk. startpistolar (2009)
 2 hagler
 2 rifler
 2 luftgevær
 2 stk. kulefanger, sjølvanvisar
 Gigant-lavvo (70 m²)
 8-manns lavvo
 2 stk. militærtelt m/ omn. Firkanta m/ vindauge (16m²)
 10 makketroder utan snelle, 2000, 10 isfiskesett + isbor m.m. (2005)
 7 sjøfiske/ferskvasstenger (2001)
 6 ferskvasstenger (2001-2002)
 3 sett junior haspelstenger Shimano (2008)
 6 sett flugestenger, Vision 9'6" #7-8. (2000)
 3 sett flugestenger Fenwick junior cumbo, 8' #5 (2008).
 1 sett flugestong Guideline 9'3" #7 (2008)
 1 sett flugestong, Vision 9'6" #8. (2008)
 10 sett flugebindarutstyr, (2007)
 10 sett flugebindarutstyr, (2009)
 4 stk oter,
 Hov,
 klepp
 ABU røyk, stor.
 Kaffekjele.
 30 flytevestar
 Mink - og mårfeller
 2 slagfeller til rev
 10 stk. kompass
 Balansetau frå slakcline.no (2008)
 Buldrematte (2008)
 2 stk. presenning
 Øks, sag etc.
 Ymse

Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



Årsplan for 2010

Satsingsområder:

- 1.1 Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.
- 1.2 Sikre og videreutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.
- 1.3 Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle haustingsbaserte friluftslivet.
- 2.1 Organisasjonsutviklinga i NJFF skal bidra til skulerte skulerte tillitsvalgte, gode aktivitetstilbod, rasjonell drift og attraktive medlemsfordelar.
- 2.2 Rekruttering med vekt på ungdom og kvinner
- 2.3 Gje gode tilbod til barn og ungdom.
- 2.4 Informasjonsarbeid slik at NJFF sitt budskap skal nå ein større del av allmugen og beslutningstakarar, og stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske, og stimulere til auka oppslutnad omorganisasjonen.

| | |
|----|------------------|
| FF | Fagleiar Fisk |
| FV | Fagleiar Vilt |
| FH | Fagleiar Hund |
| KK | Kvinnekontakt |
| UA | Ungdomsansvarleg |
| FS | Fylkessekretær |
| FL | Fylkeslaget |
| LL | Lokallaga |
| FM | Fylkesmannen |
| FK | Fylkeskommunen |

Jakt og forvaltning

| | | | | |
|--------------------------|--|-------------|--|-------------|
| Opplæring | Hjortejakt / småviltjakt | | Gaularfjellet | FV / FH |
| | Fadderordning og opplæringsjakt for nye jegerar | | Lokallag, gr.eig. | FV |
| | Vidaregåande kurs ettersøk | 4.-6. juni | Ullsheim | Ettersøk |
| | Nybyrjarkurs ettersøk | | | Ettersøk |
| | Opplæringsjakt med fuglehund | Sept-okt | Gaularfjellet | FH |
| | Gjennomføre oppdateringskurs og utdanne nye instruktørar etter behov | | | Aversjon |
| | Oppdateringskurs Ettersøksinstruktørar | 21. mars | Skei | Ettersøk |
| | Instruktørkurs Ettersøk | | | Ettersøk |
| | Jegerprøvekurs del II med praktisk jakt+ | | | J.P. instr. |
| | Hefte opplæringsjakt /tilbod j.p. kandidatar | | | FV |
| Jegerprøve | Fase I og II nye j.p. Instruktørar ved behov | 13.-14.02 | Førde | J.P. instr. |
| Jakthund / Ettersøk / | Grunnkurs jakthundinstruktør | | | Ettersøk |
| | Treningsterreng fuglehundar | 01.01-01.04 | Thorsnesstølsterren g, Gaularfjell | FH |
| | Treningsterreng fuglehundar | 15.10-01.04 | Langestølsterreng et, Gaularfjellet | FH |
| | Treningssamling ståande fugleh. NGK | 23.-24.01 | Gaularfjellet | A. Holme |
| | Treningssamling ståande fugleh. NJFF SF | 20.-21.02 | Gaularfjellet | FH |
| | Høgfjellsprøve fuglehund | 27.-28.02 | Gaularfjellet | FH |
| | Lagsmesterskap UK og AK | 21.02 | Gaularfjell | FH |
| | Sommarsamling fuglehund | Juni/juli | | FH |

| | | | | |
|-------------------|---|-------------|-------------|-------------|
| | Informere godt om Gaularfjellet | | | FS |
| | Regelverk tilpassa norske forhold | | | Ettersøk |
| | Kartlegge status ettersøksarb. S&F | kont | | Ettersøk |
| | Halde oversikt over ettersøksekv./instruktørar | kont | | Ettersøk |
| | Bistå terminfesta sporprøver | | | Ettersøk |
| | Delta i utvikling av nytt kursopplegg | | | Ettersøk |
| | Fagkveld ettersøk | August | SKei | Ettersøk |
| | Kommunane sjekke om jaktvald reell avtale ettersøk | | | Ettersøk |
| Rovvilt | Fagdag gaupe | | Skei | FS |
| | Informere om kurs andre steder | | | FS |
| | Deltakar kontaktutvalet for rovvilt | | Leikanger | FS |
| | Møte rovviltnemda | | | FS |
| | Deltakar styringsgruppe regionalt fellingslag | | | FS |
| Hjortevilt | Arbeidsseminar kommunane | | Førde | FV |
| | Merkeprosjekt hjort: møter, nettside | kont. | | Ove B, FS |
| | Påkøyrslø hjort | | | FV |
| | Skumrings-måneskinnsjakt. Uttale | | | FV |
| | Fôring av hjort | | | FV |
| | Oppdatere oversikt hjortejakt (sal) | | | FS |
| | Delta i regionale prosessar vedr. hjorteviltforvaltning | | | FV |
| | Viltseminar: Hjorten og jegeren | 20.-21. nov | Førde | FV |
| | Hjortevilt 2009 | | | |
| Småvilt | Taksering. Krev godkjenning av gr.eigar og fritak frå bandtvang | April | | FH |
| | Taksering | haust | Nordfjord | FH |
| | Strateginotat vedr. småviltjakt, forvaltning etc. | | | Styret |
| | Hard baglimit vinter | | | FF/FV |
| | Oppdatere oversikt over jaktkort (sal) | | | FS |
| | Fellefangst | | Gaularfjell | FH |
| Kystsel | Oppfordre til å søke om skadefelling | | | FF |
| | Kartlegge kobbe Indre Sogn | | | FF |
| | Arbeide for auka kobbekvotar | | | FF |
| Natur forvaltning | Kulturlandskap. Brev til myndigheiter | | | FS |
| | Delta i regionalt planarbeid | | | |
| | Bestandsregistrering oter, 2-årsprosjekt | 2010-2011 | | FV |
| Skyting | Oppdateringskurs jegertrapdommarar | | | Jaktskyting |
| | Utarb. hefte med info om banebygging, tilskot etc | | | Jaktskyting |
| | Kartlegge behov for tilbod på skot, leirduer | | | Jaktskyting |
| | Arr. Vinterjegeren i samarbeid med LL v/behov | | | Jaktskyting |
| | Koordinere skytestevner | | | Jaktskyting |
| | Plan for rekruttering | | | Jaktskyting |
| | Open dag på min. 2 skytestevner | | | Jaktskyting |
| | Sogn og Fjordane Cup hagle | | | Jaktskyting |

| | | | |
|--------------|--|---------|-------------|
| | Sogn og Fjordane cup rifle Skyttestevner i lag som ikkje arr. idag | | Jaktskyting |
| Samarbeid FK | Tildeling villfondsmidler | februar | FV |
| Sikkerheit | Oppfordre til bruk av signalfargar Medl.tilbod til j.p. Kandidatar. | | FV |
| Høyringar | Vindkraftsaker | | FV |
| Framleige | Følgje opp evt. saker | kont. | FV |

Fiske og forvaltning

| | | | |
|-----------------------|--|----------------|----------------------------------|
| Kraftsaker | Halde oversikt på nettet | kont. | FS |
| | Oppfordre LL til å ta kontakt i kraftsaker | kont. | FF |
| | Revisjon vassdragskonsesjonar | | FF |
| Samarbeid FM/FK | Tildeling fiskefondsmidler | mars | FF |
| Sjøaure | Bistå NINA i å fange sjøaure gj. vinteren for å studere lusepåslag. | kont. | Sognefjorden |
| | Kartlegge sjøaureressursen i aurebekkar som ikkje tidlegare er undersøkt (samarb. FM). | kont. | Høyanger, Flora, Stryn/Hornindal |
| | FOU prosjekt | kont. | Daleelva |
| | Sjørørret. Alternativ aktivitet. Status | | FF |
| | Info om minstemål, grenser til os etc | | FF |
| Villaks | Deltakar lakserådet. Møter | | FF |
| | Villaksseminar (Norsk villakssenter) | | Lærdal |
| | Anmelde større rømmingar | | FF |
| | Lakseluskampen; avis, stortingsbenk | | FF |
| | Fang og slipp | | FF |
| Innlandsfisk | Skjøtsel, habitat, driftsplan, rapportering og organisering | | FF |
| Hav og kystområda | Kartlegge sjøfiske – kart | kont. | FF |
| | Pådrivar for forskning / bestandsovervaking | | FF |
| | Tobis. Politisk sak | | FF |
| | Informere om nye minstemål | | FF |
| | Berekraftig beskatning | | FF |
| Forsuring og ureining | Hindre smittespreiing, pressem. | før laksestart | FF |
| Høyringar | Vasskraftsaker, kraftliner | | FF |
| Framleige | Følgje opp søknader på gang og evt. nye | | Stryneelva |
| | | | FF |

| | | | | |
|--------------|--|--|---------------|----|
| | Kontakte Aurland jfl og følge opp overtreddingar i forhold til godkjenning | | Nærøydalselva | FF |
| Vanndirektiv | Delta i regional vannplanlegging | | | FF |

Rekruttering

| | | | | |
|---------------------------------------|--|------------|-------------------|---------|
| Barn og ungdom | Storkurs 4H (FNF-samarb.) | | Breim | UA |
| | Fylkesleir for ungdom | 4.-6. Juni | Nesholmen | UA |
| | Friluft- og fiskehelg | | Sogndalsdalen | UA |
| | Annonsering aktivitetar ungdom facebook | | | THT |
| | Lage videoklipp frå leirane - marknadsføring | | | FV |
| | Premiere godt ungdomsarb. i LL | | | UA |
| | Dei unge og auren | | | UA |
| | Bistå med lokal jakt og fiskeskule | | | UA |
| | Jaktleir for ungdom | | | UA |
| | Arbeide for fleire jakt- og fiskeskular | | | UA |
| Politiattest | | | FS | |
| Kvinnesatsing | Småviltjakt for jenter | | Gaularfjell | KK |
| | Storfugl- og beverjakt for jenter | 2.-7. nov | Storbäck, Sverige | KK |
| | Aurefiske for jenter | | Guddalen | KK |
| | Kv. J.p. kandidatar | 1.halvår | | KK |
| | Lage facebook-gruppe for jenter | Jan | | KK |
| | Følge opp KK i LL. Brev, tlf. e-post | kont. | | KK |
| | Arb. for fleire KK i LL og kvinner generelt | kont. | | KK |
| Arb. For fleire kvinner i fylkeslaget | | | Styret | |
| Funksjonshemma | Infomere om kva som er tilrettelagt for funksjonshemma | | | FS |
| Medlemspleie | Aktivitetar | juli | | Alle |
| | Medlemsfordelar: rabatt på sikkerheitsbekledning, rabatt på skytesimulator på Lunde, rabatt utstyr | | | Alle |
| | Heiderspris til person som har gjort godt arbeid innen barn og ungdom | | | UA |
| | Brev til barne- og ungd.medlemer | mars | | FS /UA |
| | Brev til kv. Medlemer + andre jenter | april ? | | FS / KK |
| | Prisdifferensiere kurs og aktivitetar | kont. | | Alle |

Organisasjon og informasjon

| | | | | |
|---------------------------|--|-----------|---------|-------|
| Årsmøte | | 20.-21.03 | Sogndal | Leiar |
| Styremøter og arbeidsmøte | | | | Leiar |

| | | | | |
|---|--|-------------|-----------------|------------------------------|
| Skulering /intern- nettverk fylkeslaget | Samlingar sentralt i NJFF for fylkesinstructørar og andre i fylkeslaget | 28.-30.mai | | KK |
| | | 27.-29.aug | | Leiar |
| | | 2.-3.febr | | Leiar |
| | | 27.-29.aug | | FS |
| | | | Stjørdal | FS |
| | | | | Org.kont. |
| | | | | J.P.instr. |
| | | | | UA |
| | Leiarkonferanse | 19.-20.03 | Sogndal | Leiar |
| | Kvinnekontaktsamling, LL | 15.-16. jan | Kjøsnestfjorden | KK |
| | Ungdomsansvarlegssamling, LL | | | UA |
| Fylkesinstructør | Vurdere behov for fylkesinstructør jakthund | | | styret |
| Utvalg / Ad hoc | Danne utval vilt? | | | styret |
| Jakt- og fiskeakademiet | Delta i etablering, koordinerande ansvaret for region Vestlandet | | | FS |
| Ressurs-personar | Database over ressurspersonar til kurs o.a. kont. slakte, jaktleiar, rev etc. | | | FS |
| Org. skulering | Organisasjonskurs etter henvendelse Oppnemne organisasjonskontakter | | | Org.kont styret |
| Oppfølging LL | Årsmøter i lokallaga Telefonkontakt med nye leiarar Fylkesinstructørar kontakt med LL Brev til alle medl i styra i LL | | | Alle Alle FI Styret |
| Spesialoppfølging LL | Prioritere 3-5 LL. "bygge stein på stein" | | | Styret |
| | Vitalisere eit LL | | | Styret |
| Infoskriv LL | min. 6 "Jeger & Fisker" til LL Oversikt stønadsordningar + sms | | | FS FS |
| Info i fylkes- magasinet | Skrive stoff til fylkesmagasinet i minst 6 utgåver | | | Alle |
| Portal | Utvikle vidare fylkessida i portalen | kont. | | styret |
| | Informere om kurs og aktivitetar etc. | kont. | | FS |
| | Synleggjere FL sine standpunkt | kont. | | FS |
| | Bistå LL i etablering nye nettsider | kont. | | FS |
| | Infomere medlemmer via e-post i portalen | kont. | | |
| Pressemeldingar | | | | |

| | | | | |
|--|---|-------------------|----------------|---|
| | Alle arrangement Årsmøte | | | Alle |
| Informere om NJFF -SF | På seminar og aktivitetar | | | Alle |
| Profil | Bruke NJFF sin profil ved annonsering, bruke NJFF sitt handlingsprogram i sin årsplan | | | |
| Inatur | marknadsføre til LL, nettside o.a. | | | FS |
| FNF nettverk | Møter i styringsgruppa Årsmøte i FNF Fellesmøte hausten | 10. mar. nov ? | Førde Førde | nestleiar nestleiar/FS nestleiar/FS |
| Studieforb. natur og miljø | Medlem i styret. Møter og årsmøte | | | FV |
| Politisk og forvaltningsmessig påverknad | Aktiv ovanfor fylkesmann og fylkeskommune i saker vedr. jakt, fiske, vilt og fisk | | | |

BUDSJETT 2010 med rekneskapstal frå fjoråret

| | Inntekter | Utgifter | Sum | Bud 2010 inntekt | Bud 2010 utg. | BUD RES |
|--|-----------|----------|--------|------------------|---------------|---------|
| Avdeling: 1 Administrasjon | 213858 | 262917 | -49059 | 205000 | 183200 | 21800 |
| Avdeling: 2 Leiarkonferanse | 0 | 0 | 0 | | 13000 | -13000 |
| Avdeling: 10 Fylkesleir Hyen | 37800 | 38417 | -617 | 40000 | 40000 | 0 |
| Avdeling: 13 Fylkesleir sogn | 0 | 0 | 0 | 30000 | 30000 | |
| Avdeling: 12 Jenteaktiviteter | 30000 | 5169 | 24831 | 25000 | 33000 | -8000 |
| Avdeling: 14 Rekrutteringstiltak ungdom | 0 | 6868 | -6868 | 0 | 8000 | -8000 |
| Avdeling: 15 Utstyr for Utlån | 0 | -1 | 1 | | 23500 | -23500 |
| Avdeling: 16 Dei Unge og Auren | 25000 | 18570 | 6430 | 25000 | 25000 | 0 |
| Avdeling: 19 Sal effekter | 2076 | 18938 | -16862 | 5000 | | 5000 |
| Avdeling: 20 Fiskeseminar og forvaltning | 45000 | 63100 | -18100 | | | 0 |
| Avdeling: 23 Fiskeforvaltning | | | | 70000 | 60000 | 10000 |
| Avdeling: 21 Viltseminar | 0 | 6869 | -6869 | 40000 | 40000 | 0 |
| Avdeling: 22 Viltforvaltning | | | | 15000 | 15000 | 0 |
| Avdeling: 31 Fuglehund | 46555 | 19338 | 27217 | 27000 | 27000 | 0 |
| Avdeling: 34 Eppersøk | 29200 | 21939 | 7261 | 81000 | 48000 | 33000 |
| Avdeling: 36 Jervejakt kurs | 200 | 0 | 200 | | | 0 |
| Avdeling: 39 Jaktskyttarutval | 21500 | 21473 | 27 | 20000 | 20000 | 0 |
| Avdeling: 46 Aversjon | 75 | 770 | -695 | 5000 | 5000 | 0 |
| | 451264 | 484367 | -33103 | 588000 | 568700 | 17300 |

VEDTEKTER

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

DEL I**§ 1. NAMN**

Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.

§ 2. FORMÅL

Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest moglege motiverte utøvarar.*

Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.

Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.

§ 3. LEIANDE ORGAN

Laget sine leiande organ er:

- a) *Årsmøtet*
- b) *Ekstraordinært årsmøte*
- c) *Styret*

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

§ 4. ØKONOMI

Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.

Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.

Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.

DEL II

§ 5. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.

Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar.

Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande:

11. Konstituering av møtet

- Godkjenning av fullmakter*
- Godkjenning av innkalling*
- Godkjenning av saklista*
- Godkjenning av forretningsorden*
- Val av ordstyrar*
- Val av sekretær*
- Val av teljekorps*
- Val av 2 representantar til å skriva under møteboka*

12. Årsmelding frå siste kalenderår.

13. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.

14. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.

15. Andre saker som styret har sett opp på saklista.

16. Styret sitt framlegg til årsplan.

17. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.

18. Styret sitt framlegg til budsjett.

19. Val av styre i medhald av § 7.

20. Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.

21. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.

22. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i

kvoten til fylkeslaget.

Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.

Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.

Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.

§ 7. STYRE

Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.

Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.

Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.

Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.

Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.

Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.

- 1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
- 2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.

§ 8. STYRET SITT ARBEID

Styret skal:

- 1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
- 2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
- 3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*

4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.
7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

§ 9. VEDTEKSENDRINGAR

Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.

Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.